

Referat frå årsmøte i Jøsneset Bygdaråd

Trivselstova 10.03.2026

Frå styret i Bygdarådet møtte Oddvar Skiftun, Silje Sværen, Joar Rosså og Svanhild Hjorteland Gbada. Totalt var 22 personar på møtet. Det blei servert kake, kaffe og te.

Sak 1: Val av møteleiar: Oddvar Skiftun blei vald.

Sak 2: Innkalling og sakliste: Godkjend

Sak 3: Årsmelding 2025: utsendt på førehand og framlagd på møtet: Godkjend utan endringar

Sak 4: Rekneskap 2025 : Godkjend slik framlagd på møtet.

Sak 5: Budsjett 2026: Framlagd forslag på årsmøtet. Godkjend med endring 10 000 utgift 17.mai.

Sak 6: Forslag til endringar i reglement, framlagd forslag:

§ 4, kulepunkt 6 som pr i dag lyder: *Årsmøtet vel valkomite på 3 personar som legg fram innstilling til val på nye medlem til styret og eit nytt medlem til valnemnda. Innstilte personar skal på førehand vere førespurte. Medlemmene i valnemnda blir valde for 3 år slik at eitt medlem er på val kvart år.*

Forslag til endring : *Årsmøtet vel valnemnd på 3 personar etter tilråding frå styret. Valnemnda legg fram tilråding om val av styremedlemmer, varamedlemmer og revisor.» - osv som før..»*

Vedtak : Godkjent

Sak 7: Val: Valnemnda var: Elsa Nesvik Altamirano og Solveig Bog (Christian Wyller trakk seg frå valnemnda før årsmøtet)

Elsa la fram valnemnda sitt forslag, og dette blei godkjend:

- Oddvar Skiftun attvald 2 år i styret, som leiar for 1 år
- Svanhild Hjorteland Gbada på val i styret: blei attvald i styret for 2 år
- Joar Rosså på val i styret: blei attvald i styret for 2 år.
- Jon Eiane Brandal og Øyvind Oaland blei attvald som varamedlemmer for 1 år
- Ingen gjekk ut av styret i år. Revisor Ellen Mari Fosså ikkje på val, 1 år igjen.

Årsmøtet valde deretter følgjande valnemnd :

- Elsa Nesvik Altamirano, attvald for 2 år
- Sven Westersjø , for 3 år
- Johan Hjorteland for 1 år

Sak 8 – Orientering /drøfting

Prosjekt gamle vegfar: Rasin Tjeltveit informerte om status. Oppmodar folk om å kome med både info og gamle bilder.

